



# Innst. 174 S

(2014–2015)

## Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Dokument 8:25 S (2014–2015)

**Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen, Lise Christoffersen og Sonja Mandt om eit tryggare arbeidsmiljø for arbeidstakarar i valds- og trugsmålutsette yrke**

Til Stortinget

### Sammendrag

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget bed regjeringa, i samarbeid med partane i arbeidslivet, vurdere gjennomføring av følgjande framlegg, og leggje fram for Stortinget:

1. Vurdere om tryggleiken til arbeidstakarane kan styrkjast gjennom ei forskrift til arbeidsmiljølova om vald og trugsmål.
2. Følgje opp og setje i verk dei konkrete tiltaka i rapporten 'Sikkerhet i arbeids- og velferdsforvaltningen.'
3. Styrkje fylkesmannsambetet sin tilsynsfunksjon, og vurdere om Arbeidstilsynet har god nok kompetanse innafor vald og trugsmål i arbeidslivet.
4. Setje i verk landsomfattande tilsyn med helse, miljø og tryggleikssituasjonen innafor barnevernet.
5. Greie ut samanhengen mellom bemanningssituasjonen og vald/trugsmål på arbeidsplassen.
6. Gjennomføre ei heilskapleg utgreiing av om tilbodet i dag for personar med størst rus- eller åtferdsproblem er godt nok og best mogleg organisert. Herunder om tilbodet, kompetansen og bemanninga i private behandlingssinstitusjonar er god nok.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

### Komiteens behandling

Komiteen ba i brev av 12. november 2014 om statsrådets vurdering av forslaget. Statsrådets svarbrev av 7. januar 2015 følger vedlagt.

Som ledd i komiteens behandling ble det 13. januar 2015 avholdt åpen høring hvor følgende deltok:

- Landsorganisasjonen i Norge
- Fellesorganisasjonen
- Norsk Sykepleierforbund
- Politiets Fellesforbund

### Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørdal, Lise Christoffersen og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Stefan Heggelund, lederen Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøbb, fra Fremskrittspartiet, Tor André Johnsen og Erlend Wiborg, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Venstre, Sveinung Rotevatn, og fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, er bekymret over at vold og trusler er en belastende del av mange arbeidstakeres hverdag. Undersøkelser over flere år dokumenterer at noen yrkesgrupper er spesielt utsatt for vold og/eller trusler om vold i arbeidet. Forskning viser at sosionomer, vernepleiere og barnevernspedagoger er mest utsatt

for vold og trusler på arbeidsplassen, sammen med sykepleiere, vektere og politi.

Komiteen peker på at arbeidsmiljøloven skal sikre et arbeidsmiljø som er helsefremmende og gir trygghet mot fysiske og psykiske skader. Å bli utsatt for vold og trusler kan gi alvorlige fysiske, psykiske og sosiale plager og dermed også svekket arbeids-evne. Det er derfor både i arbeidstakeres, arbeidsgiveres og samfunnets interesse å bekjempe vold og trusler. I tillegg til forebygging er det behov for god oppfølging av dem som blir rammet.

Komiteen ser at det store omfanget av vold og trusler innen enkelte deler av arbeidslivet krever målrettet innsats for å håndtere problemet. Både Handel og Kontor, FO, Politiets Fellesforbund og NSF er tydelige på at det i dag ikke finnes systemer som på tilstrekkelig vis legger føringer for dokumentasjon av og systematisk arbeid med vold og trusler på arbeidsplassen. Nevnte fagforeninger organiserer en stor andel av yrkesgruppene som i dag belastes med vold og trusler. Under sakens høring løftet de også fra hver sitt ståsted behov for en tydeliggjøring av arbeidsmiljøloven på dette feltet gjennom en forskrift. De viste også til at mannsdominerte yrkesgrupper har sterkere vern mot fysiske arbeidsmiljøutfordringer gjennom forskriftsbestemmelser, mens kvinnedominerte yrker som belastes av vold og trusler i dag mangler en tydeliggjøring og konkretisering av HMS-regelverket. Dobbelt så mange kvinner som menn rapporterer om vold og trusler.

Komiteen viser til arbeidsmiljølovens krav til arbeidsmiljøet i § 4-1 hvor det står, sitat:

«... arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt ut forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen av samfunnet.»

Loven sier videre i § 4-3 at arbeidstaker skal, så langt det er mulig, beskyttes mot vold, trusler og uheldige belastninger som følge av kontakt med andre.

Komiteen mener det er viktig at alle arbeidstakere har en arbeidsplass som er trygg. Derfor er det også viktig at ledere og arbeidsgivere har effektive verktøy for på systematisk vis å kunne ivareta ansatte

som står i fare for å bli eller blir utsatt for vold og trusler.

I arbeidsmiljøloven ligger det et tydelig og klart ansvar på arbeidsgiver om å være i forkant og risikovurdere og gjennomføre tiltak som opplæring, oppbemanning, tekniske installasjoner og hjelpemidler etc. når det er nødvendig for å beskytte arbeidstakere mot vold og trusler.

En forskrift vil kunne være et verktøy for oppfølging og samarbeid mellom arbeidsgiver, tillitsvalgte og vernetjenesten, og vil således bidra til å følge opp de forpliktelsene som loven krever for å sikre et fullt forsvarlig arbeidsmiljø.

Komiteen mener at det må bli en større oppmerksomhet rundt vold og trusler på voldsutsatte arbeidsplasser, og viser til at Arbeidstilsynet i 2014 satte ned en arbeidsgruppe sammen med partene i arbeidslivet for å kartlegge status for problemstillinger rundt vold og trusler i arbeidslivet, basert på eksisterende dokumentasjon. Arbeidsgruppen skal i løpet av januar/februar 2015 legge frem sin vurdering om det er behov for nye tiltak i regi av myndighetene, organisasjonene og/eller virksomhetene, og om det vil være formålstjenlig å regulere vold og trusler i en egen forskrift.

Komiteen ser at det kan være behov for en presiserende forskrift til dagens lov. Det er også viktig at arbeidstakere får tilstrekkelig opplæring i problematikken og at bemanningen er tilstrekkelig på den enkelte arbeidsplass.

Trygghet på arbeidsplassen er også et spørsmål om god ledelse. En samlet innsats for å begrense vold og trusler i arbeidslivet er viktig både for å verne den enkelte, for å hindre sykdom og skade, og for å sikre tilstrekkelig rekruttering til blant annet velferdsstatens yrker.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til Stortingets behandling av «Redegjørelse av statsministeren og justis- og beredskapsministeren om regjeringens oppfølging av rapporten fra 22. juli-kommisjonen», jf. Innst. 210 S (2012–2013) der det under 3.8.1 Kultur- og ledelsesutfordringer klargjøres hva som menes med god ledelse med spesiell henvisning til beredskapsetene.

### **Komiteens tilråding**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og råar Stortinget til å gjørel slikt

vedtak:

Dokument 8:25 S (2014–2015) – representantforslag frå stortingsrepresentantane Fredric Holen Bjørdal, Dag Terje Andersen, Anette Trettebergstuen, Lise Christoffersen og Sonja Mandt om eit tryggare arbeidsmiljø for arbeidstakarar i valds- og trugsmålutsette yrke – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 17. februar 2015

**Arve Kambe**

leder

**Kirsti Bergstø**

ordfører



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

14/4494-

07.01.2015

**Representantforslag 25 S (2014-2015) frå stortingsrepresentantane Holen Bjørdal, Andersen, Trettebergstuen, Christoffersen og Mandt om eit tryggare arbeidsmiljø for arbeidstakarar i valds- og trugsmålutsette yrke**

Eg syner til brev frå Arbeids- og sosialkomiteen 12. november 2014, der komiteen ber om mi vurdering av representantforslag 25 S (2014-2015), frå stortingsrepresentantane Holen Bjørdal, Andersen, Trettebergstuen, Christoffersen og Mandt.

Forslagsstillarane tar opp ei viktig sak. Som det blir vist til i framlegget, er vald og trugsmål i arbeidslivet ei reell problemstilling for mange arbeidstakarar. Forsking viser at sosionomar, vernepleiarar og barnevernspedagogar er mest utsett for vald og trugsmål på arbeidsplassen, saman med mellom anna sjukepleiarar, vektarar og polititenestemenn.

Først vil eg ta avstand frå den koplinga som forslagsstillarane prøver å gjere mellom dette alvorlege temaet og regjeringas framlegg til endringar i arbeidsmiljølova. Som forslagsstillarane er klar over, står arbeidsmiljølovas krav til arbeidsmiljøet fast slik dei blei vedtekne i 2005. Det generelle arbeidsmiljøkravet er og skal vere at alle arbeidstakarar skal ha eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Når det gjeld det særskilte temaet som forslagsstillarane tek opp, seier dessutan lova uttrykkeleg at arbeidsgjevar, så langt det er mogleg skal beskytte arbeidstakarane sine mot vald og trugsmål. Lova legg med andre ord allereie eit klart ansvar på arbeidsgjevar for å gjennomføre tiltak når dette er naudsynt for at arbeidstakarane skal vere tilstrekkeleg beskytta mot vald og trugsmål. I si risikovurdering må arbeidsgjevar ta omsyn til alle relevante omstende, som opplæring, arbeidstid, bemanning osv. Slik har det vore og slik skal det fortsett vere.

Forslagsstillarane meiner at ein bør vurdere å styrkje tryggleiken til tilsette i risikoyrke gjennom ei ny forskrift til arbeidsmiljølova. Eg kan i den samanheng opplyse at Arbeidstilsynet tidlegare i år sette ned ei arbeidsgruppe saman med partane i arbeidslivet for å kartleggje status for problemstillingar rundt vald og trugsmål i arbeidslivet, basert på eksisterande dokumentasjon. Arbeidsgruppa skal mellom anna vurdere omfanget av vald og trugsmål, omfanget av åleinearbeid i denne samanhengen, informasjon og opplæring m.m. Tufta på denne kartlegginga skal arbeidsgruppa vurdere om det er behov for nye tiltak i regi av myndighetene, organisasjonane og/eller verksemdene, og også vurdere om det vil vere føremålstenleg å regulere vald og trugsmål særskilt i forskrift. Vurderinga til arbeidsgruppa skal etter planen vere ferdig i januar 2015. Eg meiner at det ikkje bør konkluderast når det gjeld eventuell særskild regulering av dette emnet i forskrift før arbeidsgruppa har levert arbeidet sitt. Når arbeidet er ferdig, vil eg drøfte vidare oppfølging med organisasjonane i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd.

Forslagsstillarane ber om at rapporten ”Sikkerhet i arbeids- og velferdsforvaltningen” blir følgt opp. Denne rapporten kom i januar 2014 og oppdragsgjevar for rapporten er Arbeids- og velferdsdirektoratet, KS og Oslo kommune i samarbeid. Dei tre partane arbeider no med å følgje opp og setje i verk konkrete tiltak nemnd i rapporten. Følgjande tiltak skal vere avslutta innan sommaren 2015:

- forslag til ny minimumsstandard for NAV-kontor med krav til fysisk sikring
- refleksjonsmateriale som einingane kan bruke som grunnlag for å skape ei felles forståing av omgrepa sjikane, trugsmål og vald
- ein felles tryggleiksportal som både kommunalt og statleg tilsette kan nytte seg av

Tryggleik inngår i samarbeidet mellom stat og kommune på lokalt nivå, men det varierer kor langt lokale avgjerder og planlegging av tiltak er komne. Tildelte statlege midlar for å betre tryggleikssituasjonen i einingane har i hovudsak vorte nytta til:

- ombyggingar for å skilje område for eigne tilsette og for brukarar
- alarm for å kunne tilkalle hjelp, internt eller eksternt
- organisering av mottaket for å redusere kø/toppar, tilspissa situasjonar
- opplæring i konfliktdempande kommunikasjon og øvingar i praktisk handsaming av situasjonar
- meir permanent bruk av vektarar i mottaket
- opplæring av eigne ressurspersonar ved kontora med hjelp av eksterne

Det er også ei drøfting mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet, KS og Oslo kommune med mellom anna Helsedirektoratet om å dele informasjon om felles brukarar som kan utgjere ein tryggleiksrisiko. Arbeids- og sosialdepartementet følgjer opp tryggleiksarbeidet i Arbeids- og velferdsforvaltninga i styringsdialogen.

Forslagsstillarane tar vidare opp Fylkesmannen si rolle. Først vil eg peike på at tilsynet med arbeidstakarar sitt arbeidsmiljø ligg hos Arbeidstilsynet. Fylkesmannen fører på si side tilsyn på ei rekke område. Dei ulike tilsynsoppdraga er forankra i regelverk som ligg under det

enkelte fagdepartement. Statens helsetilsyn er overordna tilsynsmyndigheit for sosiale tenester, barneverns-, helse- og omsorgstenester. Fylkesmennene fører tilsyn og behandlar klager i fylket. Fylkesmannen si oppgåve er mellom anna å kontrollere at tenestene oppfyller krav.

For å gje eit tilbod som er best mogleg tilpassa barna sine behov, treng me eit mangfald av gode tiltak. Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) har ansvaret for institusjonstilbodet på barnevernsområdet. Tiltak for barn og unge med alvorlege åtferdsvanskar går inn i dette tilbodet. Bufetat har ansvaret for etablering og drift av institusjonar etter barnevernlova. Ved bruk av private og/eller kommunale institusjonar skal desse vere godkjent av Bufetat. Alle institusjonar ligg under Fylkesmannen sitt tilsyn.

Det blir stilt strenge krav til kvalitet i barnevernsinstitusjonar. Alle institusjonar er bunde av kvalitetsforskrifta sine krav til kvalitet i barnevernsinstitusjonar og særlege reglar om internkontroll. Bufetat fortsett arbeidet for å utvikle kvaliteten på institusjonstilbodet i samsvar med nasjonale kvalitetsmål, jf. Prop. L 106 (2012-2013). Private institusjonar må fylle vilkåra for godkjenning etter godkjenningsforskrifta. Eitt av vilkåra er at institusjonar tilfredsstillar vilkår i eller med heimel i barnevernlova eller anna lovgjeving, som til dømes arbeidsmiljølova. Krav til kvalitet inngår vidare i avtalene mellom Bufetat og private tilbydarar. Bufdir arbeider nå med forslag til revisjon av kvalitetsforskrifta og godkjenningsforskrifta. Fagdepartementet vil i den samanheng vurdere om det er behov for å skjerpe krav til arbeid med tryggleik og beredskap.

Forslagsstillarane er opptekne av Arbeidstilsynet sin tilsynsinnsats på dette området. Arbeidstilsynet har gjennom sitt tilsyn i lang tid vore oppteken av den problemstillinga forslagsstillarane tar opp. Arbeidstilsynet har ført tilsyn mot barnevernssektoren med tema vald og trugsmål som ein del av fleire regionale og nasjonale aktivitetar dei siste åra. Det nasjonale prosjektet «Arbeid for helse» (2010-2012) dekte mellom anna barnevernsinstitusjonar. I tilsynsprosjektet «På lag» (2011-2012) om oppfølging av sjukefråvær gjorde Arbeidstilsynet mellom anna tilsyn i NAV-einingar kor vald og trugsmål var eitt tema. Gjennom «På lag» blei det gitt pålegg knytte til kunnskap om rutinar, irekna rutinar knytte til vald og trugsmål i mange einingar.

I 2014 er det gjennomført aksjonstilsyn i utsette bransjar med vald og trugsmål som tema. Mengd gjennomførte tilsyn nasjonalt:

- Aksjonstilsyn vald og trugsmål: 373
- Arbeid for helse: 1360

Arbeidstilsynet vil halde fram med å ha høg merksemd på temaet vald og trugsmål i si tilsynsverksemd. Arbeidstilsynet har ikkje planar om nasjonal aktivitet mot barnevernssektoren i 2015, men vil følgje ho opp som del av den løypande aktiviteten. Eg vil i den samanheng og peike på at vald og trugsmål er ei meir allmenn problemstilling som gjeld utover denne sektoren.

Forslagsstillarane ber og om at samanhangen mellom bemanningssituasjonen og vald/trugsmål på arbeidsplassen blir utgreidd. Eg er samd i at det kan vere samanheng mellom trygging- og bemanningssituasjon. Etter gjeldande rett må arbeidsgjevar, når det er risiko for at arbeidstakar kan bli utsett for vald eller truslar, sette i verk egna tiltak slik at risikoen blir tatt hand om. Bemanning vil ofte vere sentralt, men det er ikkje gitt at løysinga ligg der. Det kan til dømes være snakk om kombinasjon av tiltak eller tiltak av meir teknisk karakter. Uansett må det vere slik at det enkelte risikobilete må takast hand om konkret. Det vil difor være vanskeleg å sjå for seg bemanningskrav som skal gjelde allmeint. Uansett vil eg vise til det eg ovanfor har sagt om at Arbeidstilsynet og partane no greiar ut problemstillingar rundt vald og truslar i arbeidslivet. Eg meiner derfor at me først bør sjå kva som kjem ut av det arbeidet.

Forslagsstillarane ber om ei heilskapleg utgreiing av om tilbodet i dag for personar med størst rus- eller åtferdsproblem er godt og best mulig organisert. Dette er eit spørsmål som først og fremst høyrer inn under helse- og omsorgsministeren sitt område.

Menneske med samtidig alvorleg psykisk lidning, rusproblem og nokre gonger utfordringar knytte til åtferd, er blant dei mest sårbare pasientgruppene me har. Regjeringa vil styrke tenestetilbodet til nettopp dei som sit nedst ved bordet i helsevesenet, rusavhengige og personar med psykiske lidningar, og tette hòla i tryggingssystemet for grupper som i dag fell gjennom. Det har me sagt klart i regjeringsplattforma. Så er det grunn til å understreke at alle pasientar med rusavhengigheit og/eller åtferdsproblem og som vurderast å ha rett til naudsynt helsehjelp, skal få eit tilbod om behandling/hjelp tilpassa den einskilde sitt behov. Vidare er det særleg viktig at spesialisthelsetenesta saman med kommunale tenester samarbeider for å leggje til rette for heilskapelege og samansette tenester for dei pasientar som har behov for det.

Parallelt med at det allereie er gjennomført fleire tiltak, har me sett at det er naudsynt med ei brei gjennomgang for å sjå folkehelse, primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta i samanhang. I løpet av 2015 vil difor regjeringa presentere ein heilskapleg helsepolitikk for Stortinget i form av tre stortingsmeldingar: ei om folkehelsepolitikken, ei om primærhelsetenesta og ein nasjonal helse- og sjukehusplan. Psykisk helse og rus er tema for alle desse meldingane.

Med helsing

Robert Eriksson

